



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Mona Fauskanger, 5557 2203

Vår dato
09.05.2017
Dykkar dato
31.01.2017

Vår referanse
2016/14325 730
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Tilskot 2017 frå kapittel 765 post 60 – tilbod til vaksne med langvarige og samansette behov for tenester og barn og unge med samansette hjelpebehov

I 2017 får Meland kommune med dette eit tilskot på kroner 650 000 over kapittel 765 post 60. Ubrukt tilskot frå 2016, kroner 302 279, blir trekt frå tildelingsbeløpet. Utbetaling for 2017 blir kroner 347 721.

Prosjekt/tiltak	Status	Søknadssum	Tildeling/avslag
Styrke arbeidet med oppfølging i eigen bustad og aktivitetar	Vid. føring	1 650 000	650 000

Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. De kan difor ikkje klage på vedtaket eller vilkåra i dette brevet.

Mange har søkt om tilskot i 2017. Ramma vi fekk til fordeling gav ikkje rom for å gje tilskot til alle som søkte. Vi har prioritert å vidareføre tilskot til eksisterande tiltak og å gje tilskot til å etablere to nye FACT-team.

Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. De kan difor ikkje klage på vedtaket eller vilkåra i dette brevet.

Bruk av midlane i 2017

Tilskotet skal disponerast til årsverk og kan ikkje nyttast til andre utgifter eller investeringar.

Midlane skal nyttast til føremålet dei er gitt til i dette budsjett- og kalenderåret, jamfør søknaden, regelverket for dette tilskotet og krava i dette brevet.

Utbetaling og krav til stadfesting

Tilskot blir først utbetalt når:

- vi har fått og godkjent rapport for fjorårets tilskot (rapport om måloppnåing og økonomirapport)
- vi har fått tilbake den vedlagde stadfestinga i utfylt og underskriven stand, sjå vedlegg. Ver venleg å fyller ut og sende stadfesting til fmhopostmottak@fylkesmannen.no snarast.

Ubrukte midlar

Dersom midlane ikkje blir oppbrukte, finst følgjande alternativ:

- betale heile eller delar av tilskotet tilbake til Fylkesmannens kontonummer **7694 05 01098**, merkt med kapittel 765, post 60 og vårt saksnummer. Fylkesmannen skal informerast om dette på førehand.
- søkje om overføring av ubrukte midlar innan 30. november 2017. Føresetnaden for godkjenning, er at prosjektet eller aktiviteten blir vidareført. Ubrukte midlar i 2017 blir trekt frå neste års tildeling av tilskot dersom tilskotet kan vidareførast.

Rapportering

Rapporteringa skal vere i samsvar med regelverket for tilskotet.

Kommunen skal rapportere til oss innan 1. februar 2018 i rapporteringsskjema som følgjer den årlege kunngjeringa av tilskotsordninga på www.fylkesmannen.no og www.helsedirektoratet.no/tilskudd.

Kommunen skal innan 31. mars 2018 sende rekneskapsrapport per 31. desember 2017, kontrollert og attestert av revisor.

Revisor skal få kopi av dette brevet ved revisjon eller avtalte kontrollhandlingar knytte til dette tilskotet. Rekneskapen skal vere revidert i samsvar med Den norske revisorforenings standard [ISA 805 "Særlige hensyn ved revisjon av enkeltstående rekneskapsoppstillingar og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en rekneskapsoppstilling"](#).

Kontroll og dokumentasjon

Fylkesmannen har rett til å kontrollere at tilskotet blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i Bevilgningsreglementet. Vi gjer merksam på at Riksrevisjonen har høve til å kontrollere om tilskot blir brukt etter føresetnadane, jamfør lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

Med helsing

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Mona Fauskanger
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Stadfesting
2. Regelverk for tilskot til tilbod til vaksne med langvarige og samansette behov for tenester og barn og unge med samansette hjelpebehov

Kopi til:

Meland kommune v/Tord Moltumyr Postboks 79 5906 Frekhaug